

Per Ivar Trollnes Tautra

Fra: Søltnæs, Eyvin <eyvin.solsnes@statsforvalteren.no>
Sendt: fredag 28. juni 2024 10:38
Til: Per Ivar Trollnes Tautra
Emne: SV: Tilbakemelding på justeringar og detaljar som gjeld kryssing av Anga med straumkabel - Anga i Sunnfjord kommune

Hei igjen!

Ja, det er sant – beklager siste setning. Den hang igjen fra ein standardtekst som vi bruker i foreleggingsaker, men din sak er jo konsesjonssak hos NVE.

Med venleg helsing

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 31 35
E-post: eyvin.solsnes@statsforvalteren.no
Web: www.statsforvaltaren.no/vl

Fra: Per Ivar Trollnes Tautra <Per.Tautra@bkk.no>
Sendt: fredag 28. juni 2024 10:19
Til: Søltnæs, Eyvin <eyvin.solsnes@statsforvalteren.no>
Emne: SV: Tilbakemelding på justeringar og detaljar som gjeld kryssing av Anga med straumkabel - Anga i Sunnfjord kommune

Hei,

Takk for nyttig tilbakemelding.

Til di siste setning: Tiltaket er avhengig av anleggskonsesjon etter energilova § 3-1, og då er tiltaket unnateke det meste av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 1-3 (2).

Med venleg helsing

Per Ivar Tautra
Spesialrådgjevar

+47 986 60 768
per.tautra@bkk.no

BKK

www.bkk.no

Fra: Søltnæs, Eyvin <eyvin.solsnes@statsforvalteren.no>

Sendt: fredag 28. juni 2024 10:14

Til: Per Ivar Trollnes Tautra <Per.Tautra@bkk.no>

Emne: Tilbakemelding på justeringar og detaljar som gjeld kryssing av Anga med straumkabel - Anga i Sunnfjord kommune

Hei, her er svar på e-posten som omtalar nokre mindre justeringar og ønske om ytterlegare avklaringar/presiseringar.

Inngrep i vassdrag

Vi oppfattar at kryssinga av bekk/sideløp gjeld kabelen som kjem frå aust og skal leggjast fram til skøytegropa, og at dette dermed ikkje ligg inne i naturtypelokaliteten. Føresett at gravinga blir gjennomført skånsamt ved låg vassføring, slik at elva nedstraums ikkje blir forureina, ventar vi ikkje at tiltaket vil få nemneverdige konsekvensar for fisk.

Sidan det heller ikkje er planlagt inngrep i Anga ved landfestet på nordsida, legg vi til grunn at det ikkje vil bli noko nemneverdig negativ påverknad på fisk eller vassfaunaen i elva. Det vil då, etter vår vurdering, ikkje vere nødvendig med ytterlegare avklaring av tiltaket etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.

Graving i buffersona mot flaummarkskogen

Det er behov for «ei forsiktig framgraving, med ei veldig lita maskin, av eksisterande kablar nokre meter inn i 15 meterssona langs flaummarksona». Vi legg til grunn at gravinga inn mot lokaliteten ikkje blir lengre enn heilt nødvendig, og at det ikkje vil gå utover 1/3 av buffersona. Det er viktig at det framleis vil stå att ei sone som vil gi lokaliteten vern mot inngrepseffektar.

Anleggsvatn

Det er opplyst at det ikkje vil bli utslepp av borevatn til elva. Vår vurdering er at tiltaket ikkje krev eiga løyve etter forureiningslova, jf. § 8. Tiltakshavar har likevel eit sjølvstendig ansvar for at tiltaket ikkje fører til forureining som er i strid med § 7 i forureiningslova.

Anleggsperiode

I naturmiljønotatet er det tilrådd, om mogleg, å leggje arbeidet utanom både hekketida for fugl og smoltutvandring og gyting for laks og sjøaure. Sidan det ikkje er planlagt inngrep i elva, og ikkje er venta konsekvensar for fisk eller annan vassfauna, vil det etter vår vurdering vere viktigast å unngå arbeid i hekketida, som er april – juni, for å ivareta det rike fuglelivet i flaummarkskogen. Det er nemnt i e-posten at det ikkje er registrert rovfugl i området, men vi vil understreke at det er ei rekkje andre sårbare artar som hekkar i flaummarkskogen og som det må takast omsyn til, jf. § 15 i naturmangfaldlova om å unngå «skade og lidelse på viltlevende dyr og deres reir, bo eller hi».

Anna

Vi legg til grunn at dei mellombelse inngrepa i dyrka mark blir avklart med grunneigar, og at arealet blir tilbakeført i tråd med moderne praksis.

Vi minner om at tiltaket òg må avklarast med Sunnfjord kommune etter plan- og bygningslova.

Med venleg helsing

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar



Telefon: 57 64 31 35

E-post: eyvin.solsnes@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl

Fra: Per Ivar Trollnes Tautra <Per.Tautra@bkk.no>

Sendt: fredag 21. juni 2024 13:49

Til: Søltnæs, Eyvin <eyvin.solsnes@statsforvalteren.no>

Emne: SV: Avklaring og eventuell søknad om løyve til tiltak Angedalselva, Sunnfjord kommune

Hei,

Eg må venda attende til BKK sitt planlagde tiltak i Førde.

Grøft/bekk nord for skøytegropa på neset aust for Anga

Syner til vedlagt planteikning for skøytegropa på neset aust for Anga. Dette er ei førebels teikning som blei laga tidlegare, og som skal reviderast. Me skal ta omsyn til at me ikkje skal grava nærare enn 15 meter frå flaummarkskogen. Spørsmålet gjeld den grøfta/bekken som kryssar i aust-vestleg retning nord for skøytegropa. Denne grøfta syner ikkje i alle kart, heller ikkje i NVE sitt vassdragskart, men står full av vatn, har utløp mot Anga og har (som det syner på flyfoto) ein del kantvegetasjon.

BKK lurar på kor nært denne grøfta/bekken me kan grava utan at det krevst særskilte løyve etter vassdragslovgevinga. Her håpar me at me kan gå nærare enn 15 meter. Utfordringa vår er at me slit med å få plass til skøytegropa dersom me skal vera minst 15 meter frå flaummarkskogen og samstundes oppretthalda ein tilsvarande avstand til bekken i nord.

Forsiktig framgraving av eksisterande kablar

I skøytegropa skal nye kablar skøytest saman med dei gamle, eksisterande kablane. Skøytegropa må etablerast på sida av eksisterande kablar. Når eksisterande kablar skal flyttast over til skøytegropa, må me ha avgravid tilstrekkeleg lengde av dei eksisterande kablane. Kan det vera akseptabelt at BKK føreteik ei forsiktig framgraving, med ei veldig lita maskin, av eksisterande kablar nokre meter inn i 15 meterssona langs flaummarksona? Det vil truleg ikkje liggja røter over kablane. Poenget er at om me får tak i litt meir kabellengde, aukar sjansen for at me klarar å leggja om kablane i det aktuelle området.

Tilhøvet til forskrift om fysiske tiltak i vassdrag

De har tidlegare skrive at BKK ikkje treng løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag når tiltaket går ut på å bora under Anga. Det kom ein kommentar frå naturkartleggjaren i COWI om at tiltaket kanskje treng løyve for den delen av tiltaket som ligg langs Angedalsvegen på nordsida av Anga. Etter vårt syn skulle ikkje det vera naudsynt, og me går ut frå at de har vurdert det når de vurderte resten av tiltaket. For orden si skuld ber me om ei avklaring.

Anleggsvatn

Det kom òg ein kommentar frå naturkartleggjaren at me bør avklara med dykk om me treng mellombels løyve til utslepp av anleggsvatn. Dersom me handterer borevatn på ein måte som ikkje inneber risiko for utslepp i elva, skulle det ikkje vera naudsynt?

Anleggsperiode

BKK er òg tilrådd å avklara om det er naudsynt med restriksjonar på tidsrom for anleggsperioden med omsyn til hekkande fugl, smolt og gyting. BKK meiner at tiltaket ikkje skal ha innverknad på livet i elva. Når det gjeld omsynet til fugl, er det ikkje påvist rovfugl i området. Me syner til vedlagt rapport.

Med venleg helsing

Per Ivar Tautra
Spesialrådgjevar

+47 986 60 768
per.tautra@bkk.no

BKK

www.bkk.no

Fra: Søltnæs, Eyvin <eyvin.solsnes@statsforvalteren.no>

Sendt: onsdag 15. mai 2024 09:55

Til: Per Ivar Trollnes Tautra <Per.Tautra@bkk.no>

Emne: SV: Avklaring og eventuell søknad om løyve til tiltak Angedalselva, Sunnfjord kommune

Hei!

Dei viktige naturverdiane på lokaliteten tilseier altså at kabelen bør bli liggjande.

Vi har ikkje noko behov for nærare utgreiing, men eg tenkte på om det kunne vere eventuelle andre interesser i saka. Vi reknar med at tiltakshavar vil vurdere om det kan utgjere forureiningsfare ved å la kabelen liggje; jf. § 7 i forureiningslova.

Vi har ikkje innspel/merknader utover dette. Tiltaket treng ikkje noko meir avklaring hos oss, om det ikkje kjem ein søknad om likevel å fjerne kablane.

Med venleg helsing

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 31 35

E-post: eyvin.solsnes@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl

Fra: Per Ivar Trollnes Tautra <Per.Tautra@bkk.no>

Sendt: fredag 10. mai 2024 07:56

Til: Søltnæs, Eyvin <eyvin.solsnes@statsforvalteren.no>

Emne: Sv: Avklaring og eventuell søknad om løyve til tiltak Angedalselva, Sunnfjord kommune

Hei,

Det er flott - tusen takk for løypemelding!

Med venleg helsing

Per Ivar Tautra

Spesialrådgjevar

+47 986 60 768

per.tautra@bkk.no

BKK

www.bkk.no

Fra: Søltnæs, Eyvin <eyvin.solsnes@statsforvalteren.no>

Sendt: fredag 10. mai 2024 07:55

Til: Per Ivar Trollnes Tautra <Per.Tautra@bkk.no>

Emne: SV: Avklaring og eventuell søknad om løyve til tiltak Angedalselva, Sunnfjord kommune

Hei igjen!

Jeg venter på en tilbakemelding fra kollega på forurensningsseksjonen; regner med jeg kan sende deg en presisering rett over helgen.

Med vennlig hilsen

Eyvin Søltnæs

seniorrådiver



Statsforvalteren i Vestland

Telefon: 57 64 31 35

E-post: eyvin.solsnes@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvalteren.no/vl

Fra: Per Ivar Trollnes Tautra <Per.Tautra@bkk.no>

Sendt: fredag 3. mai 2024 15:20

Til: Søltnæs, Eyvin <eyvin.solsnes@statsforvalteren.no>

Emne: Sv: Avklaring og eventuell søknad om løyve til tiltak Angedalselva, Sunnfjord kommune

Hei,

Takk for tydeleg og nyttig tilbakemelding.

BKK vil søkja NVE om dispensasjon til å la dei gamle kablane bli liggjande dersom Statsforvaltaren meiner det er den beste løysinga. Eg ser at du skriv at det bør utgreiast om kablane kan bli liggjande. For BKK sin del finst det ingen tungtvegande grunnar til at kablane må fjernast. Meiner de at det bør gjerast ytterlegare utgreiingar?

Med venleg helsing

Per Ivar Tautra

Spesialrådgjevar

+47 986 60 768

per.tautra@bkk.no

BKK

www.bkk.no

Fra: Søltnæs, Eyvin <eyvin.solsnes@statsforvalteren.no>

Sendt: fredag 3. mai 2024 14:53

Til: Per Ivar Trollnes Tautra <Per.Tautra@bkk.no>

Emne: SV: Avklaring og eventuell søknad om løyve til tiltak Angedalselva, Sunnfjord kommune

Heil!

Det er flott at den svært viktige flaummarkskogen og elveløpet er teke omsyn til i planlegginga. Vi har ikkje innvendingar til planlagt løysing, med retningsstyrt borehol under naturtypelokaliteten og elva, og med

skøyteropa lagt utanfor grensa for lokaliteten. Avstanden bør vere på minst 15 meter, for å komme unna rotsystema.

Sidan boreløysinga vil spare både elva og kantvegetasjonsbeltet for inngrep, er det ikkje nødvendig med ytterlegare avklaring etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag eller vassressurslova § 11 når det gjeld den nye kabelen.

Den gamle og snart utgåtte kabelen går òg gjennom flaummarkskogen. Det heimel i energilova til å dispensere frå kravet om å fjerne slike kablar. Ut frå naturverdiane i saka bør det utgreiast om kabelen kan bli liggjande, for å unngå inngrep i den svært viktige naturtypelokaliteten. Dersom kabelen skal fjernast, må det handsamast etter forskrift om fysiske tiltak og vassressurslova § 11.

Med venleg helsing

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 31 35

E-post: eyvin.solsnes@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl

Fra: Per Ivar Trollnes Tautra <Per.Tautra@bkk.no>

Sendt: tirsdag 9. april 2024 14:00

Til: Søltnæs, Eyvin <eyvin.solsnes@statsforvalteren.no>

Emne: Avklaring og eventuell søknad om løyve til tiltak Angedalselva, Sunnfjord kommune

Hei,

På vegner av BKK syner eg til telefonsamtale i dag.

BKK må flytta eit eksisterande 66 kV kabelanlegg som følgje av at kablane kjem i konflikt med tiltaka som Statens vegvesen skal gjennomføra og som inngår i den såkalla Førde-pakka. Det inneber at BKK må flytta kablar som ligg i og ved Kyrkjevegen og Angedalsvegen i Førde, Sunnfjord kommune.

Det meste av ny trasé for kablane vil bli liggjande i offentleg veggrunn. Langs Angedalsvegen vil kablane bli liggjande på utsida av vegen, men i hovudsak innanfor areal som i reguleringsplanen er utlagt til vegføremål.

Eksisterande kablar kryssar Angedalselva. Kablane ligg her nedgravde i elvebotnen. På grunn av at det skal pågå omfattande anleggsverksemd, m.a. spunting, på staden der kablane forlét Angedalsvegen og går ut i elva, må BKK også etablere ei ny kryssing over elva. For å påføra elva og elvebreiddene minst moglege inngrep, har BKK fått prosjektert ei løysing der dei nye kablane blir lagt i eit retningsstyrt borehol under elva. Me syner til vedlagte kart og lengdeprofil.

På austsida av elva vil det bli etablert ei skøytegrep der nye kablar skal skøytast saman med dei eksisterande kablane, som går vidare nordaustover. Det er ikkje behov for tiltak på kablane vidare nordaustover.

BKK ser i kartet på naturbase.no at boreholet vil gå under naturtype flaummarkskog på austsida av elva, men at sjølve skøytegrepa blir liggjande nokre meter aust for innteikna avgrensing av naturtypen.

BKK ber om Statsforvaltaren si tilbakemelding på følgjande tilhøve:

1. Har Statsforvaltaren innvendingar mot planlagt tiltak?
 1. Dersom de har innvendingar, kva skal til av tilpassingar for at tiltaket kan gjennomførast?
 2. Har Statsforvaltaren eventuelle vilkår, t.d. krav om minsteavstandar mm., for at tiltaket skal kunna gjennomførast?
2. Eksisterande kablar som ligg nedgravde i Angedalselva, skal som utgangspunkt etter energilovforskriften fjernast når dei er tekne ut av bruk, men BKK kan søkja NVE om dispensasjon for å la dei bli liggjande. Her ønskjer me å retta oss etter dei føringane som Statsforvaltaren og NVE måtte gi, og ber difor om tilbakemelding på det er ønskjeleg at kablane blir fjerna eller om det er betre at dei blir liggjande for å unngå unaudsynt med graving i elva. I tilfelle kablane skal fjernast, er det fint om me blir gjort kjende med vilkår for gjennomføringa. Krav om tider på året som fjerning skal gjennomførast på, vil ikkje vera eit problem å overhalda i dette tilfellet, ettersom fjerning av utkopla anlegg er utan betydning for straumforsyninga.
Kablane som ligg nedgravde i elva, er ikkje oljeisolerte (ikkje fylt med olje).

Dersom Statsforvaltaren meiner at tiltaket ikkje kan gjennomførast, er det noko me treng snarleg tilbakemelding om.

Dersom Statsforvaltaren ser at det må søkjast om løyve til gjennomføring av tiltaket, ber me om å få tilbakemelding om det, og dersom de treng fleire opplysningar for å kunna handsama ein søknad, må me få opplyst om det òg.

Vedlegg:

1. Oversiktskart heile tiltaket.
2. Trasé ved Angedalselva innteikna på reguleringsplankart.
3. Detaljkart planlagt kryssing Angedalselva med innteikna naturtype (henta frå naturbase).
4. Lengdesnitt borehol.

Med venleg helsing

Per Ivar Tautra

Spesialrådgjevar

+47 986 60 768

per.tautra@bkk.no

BKK

www.bkk.no